



Sund Sokneblad

Nr. 1
14. februar 2018
Årg. 87



Kveldsgudsteneste med konfirmantane

Årets konfirmantleir gjekk av stabelen midt i januar på Fjell-ly. Gjengen er eit stort kull i år – heile 72 konfirmantar – og stemninga var høg frå første stund! Dei var saman frå fredag til søndag i eit godt fellesskap med ulike aktivitetar, gøy underhaldning og ei klar forkynning av evangeliet om Jesus Kristus. Då dei kom heim om søndagen, var dei med på kveldsgudsteneste i Sund kyrkje og tok der del på ulike område, som å ynskje velkomen i døra, dele ut program og kveike lys, og lese Bibel-ord og bønner.

side 4-5

Misjonsavtale

Sund sokneråd har gjort vedtak om å føre vidare samarbeidet med Misjonsalliansen. Misjonsavtalen som soknerådet no har godkjent, gjeld for landet Liberia som ligg i Afrika. Fokuset er på reint vatn.

side 7

Julekonsert

Det vart ein fin konsert som Sund blandakor fekk til i Sund kyrkje laurdag 9. desember. Sjølv stod dei sjølvsgagt for ein del av innslaga, men dei hadde òg fått med seg Sund Brass og Sund Toraderklubb.

side 8-9

Julaftan

Som vanleg var det gudsteneste på julaftan både i Kausland og Sund kyrkje. Vi var til stades i ei fullsett Kausland kyrkje og fekk i tillegg til juleevangeliet høyre Aslaug Ottestad spela kornett og Roy Vorland syngja julesongar.

side 10

Føremiddagstreff

Torbjørn Fjøren, diakon i Fjell, var gjest på føremiddagstreffet i januar. Temaet hans var «Kva er då eit menneske».

side 11

Giro

I bladet denne gongen finn du ein giro som du kan nytta til å betala ein friviljug kontingent på 250 kr. Eller du kan støtta arbeidet i kyrkjelyden med litt meir.

Pastoralt perspektiv

PRIORITERING

Vi er på veg inn i FASTETIDA. Kva skal no eigentleg den vera godt for? Ordet «fastetid» høyrer nesten ut som overskrifta på eit slankeprogram. Men faste må då vel handla om noko meir enn slanking?

No kunne det nok vera fornuftig å kvitta seg med nokre kilo – iallefall for underteikna! Men eg trur ikkje det er dette som er hovudpoenget med fastetida. Istaden dreier det seg om PRIORITERING! Kva skal stå på 1. plass, 2. plass, 3. plass...?

Slik handlar fastetida om å gje noko *meir* plass enn andre ting. Og då er det sjølv sagt noko som må *vika* plass! Faste handlar om å *forsaka* noko som i og for seg er ok, til fordel for noko som er *viktigare*... Faste handlar om å snevra inn synsfeltet for å kunne *fokusera*... Faste handlar om å skru ned tempoet og skru av mobiltelefonen for å *søkja konsentrasjon*... Faste handlar om å gjera opp *status*, og spørja: Kva er livsviktige *verdiar* for oss...?

Dermed er ikkje faste meint å skulle vera nokre veker med sjølvplaging (sjølv om det å skru ned tempoet og skru av mobiltelefonen kan sitja langt inne for mange). Desse vekene før påske, kan istaden verta ei god øving i *frigjering* frå det som lenge har hindra det gode livet med kvarandre og med Gud!

I Bibelen finn vi eksempel på at eit heilt folk blir kalla til faste som ledd i fornyelsen av Gudsforholdet. Og vi finn også eksempel på at enkeltmenneske prioriterer bort daglegdagse sysler (ting som i og for seg er heilt ok) til fordel for det å lytta til Jesus. Kanskje det beste eksempelet er forteljinga om søstrene Marta og Maria (Luk 10,38-42). Då Jesus kom inn i huset deira, let Maria husarbeidet og kjøkkentenesta liggja. Ho prioriterte å lytta til Jesu ord. Ja, det er som om Maria seier: Hvis ein skal venta til det passar, så passar det berre i teorien. I praksis passar det aldri! Difor må det *prioritering* til!

Ja, slik er det! Vi må av og til velgja bort noko for å få tid og rom for det som er viktigare.

Måtte fastetida bli ei tid der vi prioriterer rett, og slik får oppleva fridom og det gode liv.

Og framfor alt: Måtte fastetida få vera ei *førebuingstid*, der vi følgjer Jesus på vegen mot Jerusalem!

Vi treng advent før jul, og vi treng faste før påske - slik at vi er på «rett kanal» når Jesus set seg på eselfolen og rir inn i Jerusalem...

GOD FASTETID!

Kjell-Asle Børnes

Kyrkjeskyss - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dævøy - tlf. 56 33 94 27

Velkomen til gudsteneste

18. februar – 1. søndag i fastetida – Matt 16,21-23

SUND kyrkje kl 18.00 Bønevandrings-gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. *Song: Ronnie Johansen*
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

25. februar – 2. søndag i fastetida – 1 Mos 3,8-15

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Godtfred Haugland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Blå Kors

04. mars – 3. søndag i fastetida – Mark 9,17-29

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

11. mars – 4. søndag i fastetida – Joh 3,11-16

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. *Song: Sangkompaniet*
Takkoffer: NKSS (Laget)

18. mars – Maria bodskapsdag – Luk 1,46-55

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Israelsmisjonen
SØNDAGSSKULE!

25. mars – Palmesøndag – Matt 26,6-13

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Godtfred Haugland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarb.

29. mars – Skjærtorsdag – Luk 22,14-23

SUND kyrkje kl 18:00 Gudsteneste v/Godtfred Haugland. Nattverd. *Musikk (fiolin): Diltumar Ehet*
Takkoffer: 4 diakoninstitusjoner

30. mars – Langfredag – Joh 18,1 - 19,42

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Langfredagsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. *Song: Arianah Suzanne Caspersen Viken*

01. april – Påskedag – Matt 28,1-10

SUND kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. *Musikk (klarinet): Pavel Girunyan*
Takkoffer: Sjømannskyrkja

02. april – 2. påskedag – Matt 28,1-10

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. *Musikk (klarinet): Pavel Girunyan*
Takkoffer: MF (Menighetsfakultetet)

08. april – 2. søndag i påsketida – Joh 21,15-19

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. *Musikk: Sund Brass*
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

15. april – 3. søndag i påsketida – Joh 10,1-10

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. *Song: Sund Blandakor*
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

22. april – 4. søndag i påsketida – Joh 13,30-35

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. *Song: Sangkompaniet*
Takkoffer: Bibelskolen (Bildøy)
SØNDAGSSKULE!

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er høve til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Kortnytt frå kyrkjevevja

Sund kyrkjelege fellesråd sitt budsjett for 2018

Sund kyrkjelege fellesråd har i møte 25.1. godkjent budsjettet for 2018. Det er eit svært stramt budsjett innanfor ei ramme på kr 6 612 000. Sund kommune har løyvd kr 4 399 000 i rammetilskot. Det er kr 106 000 meir

enn for 2017 og i samsvar med budsjettframlegget frå kyrkjeleg fellesråd.

Budsjettet gir ikkje rom for anna enn dagleg drift og økonomien må følgjast nøye utover i 2018.

Diakonimedarbeidar i fast stilling

Hildegunn Børnes Myklebust er frå 1.1.2018 tilsett fast som diakonimedarbeidar i 80% stilling. Hildegunn har vore mellombels tilsett i denne stillinga. Sund kyrkjelege fellesråd og Bjørgvin bispedøme er samde om tilskotet frå bispedømet, noko som var utløyssande for fast tilsetting. Me ønskjer Hildegunn velkomen som fast tilsett i kyrkjestaben i Sund.



Breiband (fiber) inn til kyrkjelydshuset på Kausland og innkjøp av AV-utstyr

Frivillige har samla inn pengar til breiband og audiovisuelt utstyr i kyrkjelydshuset i Kausland. Kyrkjevevja har vore i kontakt med BKK Fiber om fiber inn til kyrkjelydshuset. Når fiberen er på plass vert

det installert trådløst nett i bygget. Fiberen vil koste ca. kr 30 000 i eit såkalla anleggsbidrag. I tillegg kjem månadlege utgifter. Det vert også no sett på kva type audiovisuelt utstyr som skal kjøpast inn til bygget.

Aggregatet i bårerommet i Kausland havarete

Aggregatet i bårerommet i Kausland slutta å fungere ved inngangen til det nye året. Det let seg ikkje reparere og nytt aggregat måtte installerast. Aggregatet kostar nærare kr 40 000 med tillegg for monteringsring. Det er ein svær kostnad for Sund kyrkjelege fellesråd og utanfor budsjettet.

Ny ytterdør i sakristiet i Kausland kyrkje

Ytterdøra inn til sakristiet i Kausland kyrkje er forfallen. Døra som ikkje er så gamal, tolte ikkje vør og vind. Kyrkjevevja har bestemt at døra skal skiftast. Døra som no vert sett inn, er laga for å tole vøret her på våre kantar.

Kyrkjevevja

Kjære lesar av Sund sokneblad

Når du les dette bladet er me allereie langt inn i det nye året. Skillet mellom gammalt og nytt år gir oss ein følelse av å starte med blanke ark. Nokre ark er blanke, men mange ark er lik frå det eine året til det andre. Gudstenester, barn- og ungdomsarbeid og andre aktivitetar følgjer planar som er gjennomgåande og uavhengig av årsskifte. Gud er også den same, uavhengig av tid og årsskifte. Det gir tryggleik både for notid og framtid.

Me er inne i ei tid med endring. Neste år, nærare bestemt frå 1.12.2019 får me eit nytt fellesrådsområde med namnet Øygarden kyrkjelege fellesråd. Dette skal førebuast, og utover i 2018 vert det ein god del arbeid med å førebu samanslåinga. Samanslåingsprosessen skal gjerast samstundes som me skal halde oppe det daglege arbeidet og tenestene. Det er kommunal fellesnemnd som skal tildele pengar til kyrkjeleg fellesnemnd til samanslåinga. Denne løyvinga vart sterkt avgrensa sett i høve til behovet. Det gir oss utfordringar.

Sund kommune si rammeløyving til Sund kyrkjelege fellesråd vart slik ein søkte om. Det er bra. Det er likevel viktig å presisere at budsjettet er svært stramt.

Oppi alt dette som no skjer framover, må me ikkje minste av syne kva som er viktigast og kva oppdrag me har som kyrkje. Det må me minne oss om kvar dag.

Eg ønskjer dykk alt godt framover!

Olav Martin Vik
Kyrkjevevje i Fjell,
Sund og Øygarden

Føremiddagstreffa

Føremiddagstreffa held fram utover våren, og som vanleg er det først ein felles lunsj og deretter ein gjest som snakkar om eit tema. Vel møtt til alle som har høve å koma på dette tidspunktet.

28.02 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Kjell-Asle Børnes

Tema: Nattverden - gavebordet i kyrkjelyden

21.03 Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Bjørn Sæle

Tema: Elias Blix

25.04 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Annbjørg Barane

Tema: Ord om ord

30.05 Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Odd Bjarne Skogestad

Tema: Ikkje fastsett

Onsdags- treffa

Første onsdagen i månaden er det treff i **Aktivitetssenteret** i Skogsskiftet. Onsdagstreffa tek til **kl. 11.00**. Vidare utover våren blir onsdagstreffa på desse datoane:

Onsdag 7. mars

Onsdag 4. april

Onsdag 2. mai

Onsdag 6. juni

Årets konfirmantleir gjekk, tradisjonen tru, av stabelen midt i januar på Fjell-ly, og blei – også tradisjonen tru – aldeles superglimrande!! Gjengen er eit stort kull i år – heile 72 konfirmantar – og stemninga var høg frå første stund! Vi var saman frå fredag til sundag i eit godt fellesskap med ulike aktivitetar, gøy underhaldning og ei klar forkynning av evangeliet om Jesus Kristus. Det blei verkeleg ei flott helg, både for ungdom og vaksen.

I seks-tida på fredag ettermiddag stod det flotte leiar-teamet klart til å ta imot ungdomane på årets konfirmantleir. I resepsjonen stod ein lettare forvirra rogalending og prøvde å dirigere ungdomane i rett retning. Heldigvis for alle hadde han fått hjelp av ein oppegående og behjelpelig tenåring som var med oss som leiar – Ingeborg Børve Skjold – som kunne guide konfirmantane til romma dei skulle vere på! Ikkje reint få var spente på kven dei skulle dele rom med – slike ting kan som kjent vere avgjerande.

Etter ein god kveldsmat, med mykje eting og svært mykje livleg prat, var det tid for kveldssamling. I år var vi så heldige å få besøk av Kjetil Klungland. Kjetil sin far var politimannen som vart skoten og drepen i Nokas-ranet i Stavanger i 2004. Kjetil er i dag sjølv politi i Oslo og han valde å møte farens drapsmann i fengslet. Det var ei sterk, personleg historie Kjetil la fram og han makta å halde ei stappfull peisestove i ande i over ein heil klokke!

Etter føredraget opna han for spørsmål frå salen, og vi leiarar var mektig imponerte over alle dei gode og reflekterte spørsmåla konfirmantane kom med!

Seinare på kvelden var det duka for den tradisjonsrike fly-stol-leiken! Alle måtte vere med, både unge og vaksne! Frå tidlegare år var det knyta spenning til korleis særleg presten ville gripe an denne kampen. Han har hatt det med å gå inn i stolleiken med full tyngde og engasjement. Konfirmantar har flogge veggimellom! For å sikre HMS valde han denne gongen vere line-dommar ... Etter intens tevling var det til slutt Henrik Espeseth som gjekk av med sigeren.

Kveldane blei avslutta med ei lita samling med song, bøn og eit kort andaktsord.

Laurdagen var prega av god stemning og ei fin blanding av fritid og program. Å vere på leir betyr sjølv sagt å berre gløyme skjønnheit-søvn på åtte timar! For dei fleste gjekk det likevel fint å koma seg opp etter vekkinga (sjølv om ei handfull sleit litt før dei igjen likna menneske).

Etter frukost samlast vi til bibeltid, song saman og lytta til Kjell-Asle si undervisning. Med utgangspunkt i Edenforteljinga i Bibelen underviste han om

Konfirmantleir på Fjell-ly



Kjell-Asle Børnes har undervisning på konfirmantleiren.



Her gjer ein klart til litt bordtennis.



Leikar av ulikt slag var det mange av på konfirmantleiren.

det vonde som kom inn i verda allereie med dei aller første menneska og som har halde fram med å vera mennesket si største utfordring – synda vår; at ingen av oss får til (og heller ikkje alltid ynskjer) å leva etter Guds gode, kjærlege vilje. Seinare på dagen vart dette følgt opp med undervisning om frelsa – korleis Gud sjølv, gjennom Jesus, har ordna opp for oss av berre nåde!

Når det ikkje var program, kunne leirstaden by på ein fin gymsal og eit fritidsrom med biljard, fotballspel og bordtennis. Elles fekk alle vere med på tur ut i det friske vintervêret, bowling, antimobbe-seminar samt «Leik med mening».

På kvelden var det duka for underhaldning og fleire morsame og ikkje minst stilige innslag, som turndans og

«hette-dans». For ein kreativ og talentfull gjeng dette er!!

Sundagen bar preg både av at vi skulle reisa heim og at konfirmantane skulle delta på ulikt vis på ungdomsgudstenesta i Sund kyrkje på kvelden. Men før vi gjekk i gong med førebuinga til dette, fekk vi med oss undervisning om det kristne livet; dåpen og det å lytte til Guds Ord og delta i nattverden.

Konfirmantleiren blei ei minneverdig helg på mange måtar også i år, og ungdomane bidrog til at leiren hadde eit godt og positivt miljø. Tusen takk for ei fin helg!

Og tusen takk til alle de foreldre som var nattevakter slik at vi leiarar kunne få sove!

Dag Reidmar Pettersen
FOTO: IVAR NAUSTHELLER



Kveldsgudsteneste etter leiren

Konfirmantane vender seg mot resten av salen for å læra dei songen «Lord, I lift your name on high!»



Martin Forland Telle les ei av forbønene.



Sandra Sleire Vedå les ein bibeltekst.

Sundag 21. januar var det dukka for kveldsgudsteneste i Sund kyrkje der konfirmantane skulle delta med ulike oppgåver. (Dei var tidlegare på dagen blitt henta etter leir på Fjell-ly.)

Nokre gjorde praktiske oppgåver, som å ynskje velkomen i døra, dele ut program og kveike lys, medan andre las Bibel-ord og bønner. På leiren hadde ei handfull konfirmantar sett seg ned og laga bønner som skulle bedast i gudstenesta. Ungdomane las no desse opp, og forsamlinga slutta seg til dei i bøn til Gud.

Årets konfirmantar er utan tvil dei mest song-glade vi har hatt nokon gong, og saman med forsongar-team og band reiste song og klapping seg til store høgder!

Kjell-Asle førte vidare i preika si undervisninga frå leiren om Guds nåde og om nattverden – den er ikkje for eliten, for dei som trur dei meistrer å leva etter Guds vilje. Nei, den er for dei som veit at dei treng Jesus i livet sitt og som ynskjer å ta imot!

Dag Reidmar Pettersen
FOTO: IVAR NAUSTHELLER



Konfirmantane utgjorde ein god del av forsamlinga i Sund kyrkje denne kvelden.



Godt å få seg ein fin tur ut i nydeleg vinter-vær før kvelden.



Målet for friluftsturen var ein stor, flott lavvo inne på Skogtun camping. Der blei alle tatt imot av presten og Søgne, som underviste om Jesus.

Ynskjer du eit mindre fellesskap?

Då kan vi glede deg med at vi har smågrupper i kyrkjelyden.

Her er det mogleg å få snakka om tru og tvil med utgangspunkt i Bibelen.

Det er fint å vere i eit fellesskap der ein blir sett og hørt, der ein kan få dele og ta imot og få lov å vere undervegs.

I kyrkjelyden er det både kvinnegrupper og samansette grupper, og vi møtes ein til to gonger i månaden.

Ynskjer du å bli med?

Ta kontakt med:

Hildegunn (diakon) eller Kjell-Asle (prest), kyrkjekontoret: 56 31 90 80 eller på e-post: kyrkjekontoret@sund.kommune.no

«Visst skal våren komme»

Om vinteren lengtar vi mot vår, sol og varme. Og vi bed om at sommaren må bli lang og fin, så vi tinar opp og får samla overskot til neste haust og vinter!

Men sjølv om sommaren blir både fin og lang, kan vi allikevel oppleve vinter på *innsida*! På tross av høgtrykk og tropevarme kan vi kjenna vinterstormar hyle om sjela sine hushjørner. Sjukdom, misssmot, tungsinn, sorg, ja, det er så mykje som kan skapa vinterkulde midt i sommar-varmen.

Jesus møter oss heldigvis der vi er! Han deler våre kår og vår smerte, ja, han er prøvd i alt, seier Bibelen. Og samtidig minner han oss om at denne verden, med all sin smerte og urett, er å likna med ein vinter som skal avløysast av ein *evig* sommar! Og nettopp dette fortel omslaget/coveret til plata med den kjende tittelen: «Visst skal våren komme».

Denne plata er ei samling songar med motiv frå Openberringsboka, med *håpet* i sentrum.

Og bildet utanpå plata viser ein by ved vannkanten, ein by i vinterdrakt - med nakne tre og snødekte hustak som speglar seg i vatnet.

Men det er noko rart med dette speilbildet. For speilbildet av denne vinter-byen viser ein by

Andakten

med grøne tre og vakre blomar i full flor!

Og slik forkynner dette plateomslaget: «Visst skal våren komme».

Ein dag skal milde vårvindar tina isen i vårt indre! – Om ikkje før, så i alle fall den dagen då vi, ved Guds nåde skal få dela skjebne med han som har gått forran oss frå dødens mørke og kalde vinter - til oppstoda sin lyse og varme sommar! Han, Jesus Kristus, har dekning for å seia: «Visst skal våren komme». Og med hans ord og løfte følgjer HÅP!

Difor burde dette plateomsla-

get vore hengt opp i alle heimar og på alle sjukehus! For dette bildet minner oss om at vi, på tross av vinterkulde i vår sjel og vårt sinn, skal få leggja vår fortid, notid og framtid i Herrens hender! Ja, vi kan få seia med salmisten:

«Eg set mi lit til deg, Herre; eg seier: Du er min Gud. I di hand er mine tider...» (Sal 31)

Dette får vi seia og gjera – både i sommarens hete, og når gra-destokken snik seg under null. Alle våre tider er i Herrens hender!

Og kven oppsummerer dette betre, enn Lina Sandell:

«Blott en dag, ett ögonblick i sänder; vilken tröst vad än som kommer på! Allt ju vilar i min Faders händer; skulle jag, som barn, vel änglas då?» (489 Norsk Salmebok)

Kjell-Asle Børnes

Bergen Omegn

BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Du kan ringja Kirkens SOS heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døde, tlf. 55 32 56 97

Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)





Misjonsavtale mellom Sund Sokneråd og Misjonsalliansen

Sund sokneråd har gjort vedtak om å føre vidare samarbeidet med Misjonsalliansen. Misjonsavtalen som soknerådet no har godkjent, gjeld for landet Liberia som ligg i Afrika. Fokuset er på reint vatn.

Liberia ligg i den vestlege delen av Afrika. Landet har vel 3,4 millionar innbyggjarar. Offisielt språk er engelsk. Hovudstaden heiter Monrovia.

Halvparten av befolkninga er under 25 år og mange av dagens foreldre har gått glipp av skulegong. Difor har Misjonsalliansen i fleire år jobba med skule og utdanning.

I Liberia manglar to tredjedelar reint vatn. Mange born døyr før dei har fylt fem år på grunn av vassborne sjukdommar.

Soknerådet har forplikta seg

til minimum å overføre kr 8 000 til Misjonsalliansen kvart år. Avtalen gjeld fram til 1.1.2020.

Misjonsprosjektet vert også tatt inn i kyrkjelyden sitt arbeid mellom born og unge.

Det er fint om kyrkjelyden også engasjerer seg i arbeidet som misjonsprosjektet omfattar.

Olav Martin Vik

Ny toppsjef i KA

Marit Halvorsen Hougsnæs (57) er tilsett som administrerende direktør i KA Arbeidsgiverorganisasjon for kyrkelege verksemdar.

Marit Halvorsen Hougsnæs er teolog og har arbeidd som prest i to periodar. Ho har jobba tolv år i Kirkerådet og har vore tilknytt KA sidan 1998. I 2010 blei ho direktør i organisasjonen si arbeidsgravaravdeling.

– Arbeidslivet, religionspolitikken og Den norske kyrkja er i endring. Dette er krevjande for alle, særleg for dei som sit i leiarposisjonar. I lys av dette er eg stolt og glad for den tilliten som ligg i styret sitt vedtak, seier KA sin nye toppsjef.

Ho meiner lausrivinga av Den norske kyrkja frå stat og kommune har gitt KA ei endå viktigare rolle.

– Det aukar behovet for samhandling mellom dei mange kyrkjelege arbeidsgjevarar, og dette har gitt KA ei endå viktigare rolle. Fordelane av eit felles tariffavtaleverk for alle tilsette i Den norske kyrkja er allereie merkbar, seier Marit Halvorsen Hougsnæs.

Marit Halvorsen Hougsnæs kjem opprinneleg frå Notodden, men bur no i Bærum. Ho tiltrådte som administrerende direktør i KA 1. februar 2018. Ho overtar etter Frank Grimstad, som har leia KA sidan 1990. (KPK)



DEN NORSKE KYRKJA
Sund sokn

Årsmøte 2018

i Sund kyrkjelyd

i **Kausland kyrkje**

søndag 18. april etter gudstenesta

Orientering om arbeidet.

Soknerådet si årsmelding for 2017.

Samtale om arbeidet.

Årsmeldinga vert lagt ut på Sund sokn si nettside www.kyrkja.no/sund frå medio mars og vert også lagt ut i kyrkjene.

Sund sokneråd

Brynhild Enerhaug (leiar)

Vårmarknad

Også i år satsar vi på vårmarknad.

Tid og stad:

21. april kl 1400

i Kausland kyrkjelydshus.

Marknadskomiteen vil gjerne få sei stor takk for all velvilje tidlegare, og håpar at de òg i år vil støtta opp med kjøp av lodd og med gevinstar til basaren.

Inntekta går til trådlaut nettverk i Kausland kyrkje.



Julekonsert i Sund kyrkje

Det vart ein fin konsert som Sund blandakor fekk til i Sund kyrkje laurdag 9. desember. Sjølv stod dei sjølv sagt for ein del av innslaga, men dei hadde òg fått med seg Sund Brass og Sund Toraderklubb.

Med «Stille natt» ved Sund Blandakor var konserten i gong. Deretter var det allsong der «Nå tennes tusen julelys» stod på programmet.

Så var det Sund Toraderklubb som tok over med si avdeling. Dei framførte fire melodiar der kanskje «Rockin' around the

Christmas tree» var den mest kjende. Sund Toraderklubb vart stifta i 1988 og består i dag av 23 medlemmer.

Neste gruppe ut var Sund Brass, eit aktivt vaksenkorps med musikantar frå Sund, Fjell og Øygarden. Dei hadde fem melodiar på programmet, m.a. «Nordnorsk julesalme» av Trygve Hoff og «Feliz Navidad».

Så var det igjen tid for litt allsong, og Alf Prøysen si «Julekveldsvis» var eit godt val.

Sund Blandakor stod som arrangør av konserten og hadde ei avdeling med sju songar, m.a. ein julesong av Johannes Kleppevik.

Den siste avdelinga tok Sund Blandakor seg av sjølv. Dei hadde heile sju songar på programmet, m.a. «Det lyser i stille grender» og «Det hev ei rose sprunge». Dei hadde òg med ein song som Johannes Kleppevik har skrivne, «Julehøgtid på vår jord». Blandakoret hadde òg med to songar der Hanne Boga og Nils Hummelsund song solo.

Ein fin og variert konsert vart avslutta med «Deilig er jorden» som allsong.

Olai Otterå



Her er tre av medlemene i Sund Brass.

Kor-konsert i Sund kyrkje

Søndag 18. mars kl. 18.00 vart det kor-konsert i Sund kyrkje med heile tre kor.

Osternes mannskor, dirigert av Ole Christian Ottestad, tek turen frå Stord. Dei skal syngje religiøse folketonar frå Vestlandet, samla inn av Olav Sande og arrangert for mannskor av koret sin eigen pianist, Svein Tørnquist.

Sund Blandakor og Sund kyrkjelyd sitt eige kor, **Sangkompaniet**, deltek òg, med variert og flott program. Dirigent for dei to kora frå Sund er Ann Jorun Hillersøy.

Gjermund Mildestveit, tidlegare organist i Sund, akkompagnerer på orgel og flygel.

Det vart billettsal i døra.

Konserten er støtta av Folkeakademiet.

Vel møtt på konsert!





Sund Toraderklubb hadde òg ei eiga avdeling der dei spelte fire songar, m.a. «Rockin' around the Christmas Tree», på julekonserten.

Møte med «Åpne Dører»

Onsdag 14. mars vert det møte med Stig Magne Heitmann
frå Åpne Dører i **Sund kyrkje klokka 20.00.**

Alle er hjarteleg velkomne

Åpne Dører er ein tverrkyrkjeleg internasjonalt misjonsorganisasjon med ei omfattande teneste over heile verda.

Visjonen deira er å styrke og utruste kristne som lever under press og forfylling på grunn av trua på Jesus Kristus, og å oppmuntre dei til å bre ut evangeliet like til verdas ende.

Åpne Dører støttar forfølgde kristne med biblar, kristne ressursar, trening og undervisning, arbeidstrening og opplæring i praktiske handverk.

Dei mobiliserer norske kristne til å støtte og tene forfølgde kristne, men også å lære av dei forfølgde sine historier kva det vil seie å vere ein som fylgjer Jesus, og bli inspirert av trua deira.

Åpne Dører er grunnlagt av hollendaren Broder Andreas, som smugla dei første biblane inn bak jernteppet til det kommunistiske Aust-Europa i 1955. I dag har Åpne Dører kontor i 24 land og prosjekt i 72 land. Arbeidet vert finansiert av frivillige gåver frå kyrkjer, forsamlingar og enkeltpersonar.

Bli med på klubb

Betweenklubben

(er frå 4. klasse og oppover):
i **Kyrkjekjellaren**, Sund kyrkje frå
klokka 17.30 til 19.30.

Vi møtest

**20. februar, 20. mars,
17. april, 15. mai**

Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer frå Bibelen, et kvelds saman.

Du og venene dine er velkomne til å bli med!

Bli med på kor

Vi har to kor som øver i Sund kyrkje annankvar tysdag.

Stjernekor

er for deg som er mellom 4-9 år.
Vi møtes frå klokka 17.30 - 18.30.

Betweenkor

er for deg som går i 4. klasse og oppover. Vi øver frå 18.30 til 19.30.

Begge kora øver:

**13. februar, 13. mars,
10. og 24. april,
15. og 29. mai**

Lovsøngskveld

med kveldsmat

i Sund kyrkje
søndag 29. april
kl. 18.00

Gjest:
Jarle Waldemar



Søndagsskolen!

Vi møtest i kyrkjekjellaren
i *Sund kyrkje*
klokka 11.15 til ca. 12.00.
(Gudstenesta byrjar klokka 11)
Barn i alle aldrar er velkomne.

Datoar:

18. mars
22. april
27. mai

Julaftan i Kausland kyrkje

Kausland kyrkje var fullsett då det vart ringt inn til julaftangudsteneste der. Juletreet stod fint pynta framfor preikestolen.

Sokneprest Kjell-Asle Børnes nytta preika si til kval bokstavane i JUL kan stå for.

J kan bety at vi kan ha jul heile året, for kvar dag heile året kan vi feira at Jesus er frelsaren vår.

Med bokstaven U er vi inne på Underet, for i jula kan vi feira at underet har skjedd - ein stor Gud har vorte liten.

Med bokstaven L kan vi feira at Livet er blitt ditt og mitt. Det evige livet ligg klar til oss alle.

Men på denne julegudstenesta var det sjølv sagt og plass til både song og musikk. I tillegg til songar som «Det lyser

i stille grender» og «Deilig er jorden» var det òg rom for solistar.

Aslaug Ottestad har fleire gonger vore å høyra med sin kornett i kyrkjene i Sund. Denne gongen fekk ho innleia heile gudstenesta med eit preludium. Elles deltok ho saman med orgelet undervegs i gudstenesta.

Når det galdt solosong var det Roy Vorland som var invitert til å syngja nokre songar. Ein av dei var den kjende «O Helga Natt» som han framførte med Ann Jorun Hillersøy på orgelet.

Som venta vart det ei stemningsfull og fin gudsteneste som gjorde at alle som hadde teke turen til kyrkja for å få ei fin innleiing til julehøgtida, truleg gjekk derifrå med ei god stemning i kroppen.

Olai Otterå



Over: Aslaug Ottestad spelte på kornett. Under: Roy Vorland song fleire songar.





Bordfelleskapet er ein viktig del av føremiddagstreffa.

Torbjørn Fjøren: - Vi menneske er verdfulle

«Kva er då eit menneske» var tittelen på innlegget som Torbjørn Fjøren, diakon i Fjell, heldt på føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren siste onsdagen i januar. - Kanskje ser vi på oss med eit anna syn enn det Gud gjer, meinte han og viste til den store kjærleiken Gud viser oss i jula. - Då viser han oss kor verdfulle vi er med at han var villig til å ofra sonen sin for oss.

Mange av oss ser ikkje på seg sjølv som verdfulle. Kanskje har vi blitt haldne nede, eller kanskje det er forkynninga som har hevda at vi er ingenting. - Det siste er for så vidt rett når det gjeld vårt tilhøve til Gud, men likevel ser Gud på oss som sin mest ypperlege skapning, og difor er vi verdfulle for Han fordi vi er dei vi er.

Fjøren siterte Salme 8 der David lovpriser Gud for alt han har skapt. David ser kor liten han sjølv er i denne samanhengen. - Slik kan vel vi òg oppleva det når vi ser opp på skaparverket ein fin vinterkveld. Fjøren skildra korleis det er der han bur på Møvik. Derifrå kan han sjå vestover havet ein fin sommarkveld når sola går ned, eller han ser sola som bryt gjennom skylagt med ei stråle ned mot jorda.

- Vi menneske ser på våre feil og

manglar, men vi har likevel verdi. Gud elsker oss fordi vi er dei vi er. Vi er jo hans mest ypperlege skaparverk, sa Torbjørn Fjøren.

Personane rundt lunsjbordet fekk litt å tenkja på og ta med seg heim att etter dette innlegget frå Torbjørn Fjøren. Slik er det gjerne på eit føremiddagstreff siste onsdagen i månaden. Kvar gong er det ein ny gjest som presenterer eit tema som ein gjerne kan gå og tenkja på etterpå. Og i alle fall så er det jo kjekt å koma saman og prata og eta lunsj i lag.

Olai Otterå



Torbjørn Fjøren, diakon i Fjell, var gjest på føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren.



På føremiddagstreffa er matbordet dekkja, så her er det berra å forsyna seg med lunsj.

Myldredag

- for heile familien -
besteforeldre også!

Kyrkjekjellaren i
Sund kyrkje!

6. mars
3. april
8. mai

Kyrkjelydshuset på
Kausland!

14. februar
18. april

Middag - bibelfortelling -
aktivitetar - fellesskap

klokka 17.00 - 19.00

Ta med familien og kom,
eller kom åleine.

Nettside


Den norske kyrkja i Sund

Me har bygd opp ei nettside for kyrkjelydane i Sund.
Kyrkjeverja har det redaksjonelle ansvaret.
På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein
kalender som viser aktivitetar.

www.kyrkja.no/sund

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



Via **INTERFLORA**
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønska.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01



SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80

SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 31 77 34



Tlf. 56 33 70 70

**BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
FARGEHANDEL - FRISØR - BOKHANDEL - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO**



Sund Blandakor song på gudstenesta i Kausland kyrkje 2. juledag.

2. juledag i Kausland kyrkje

- Det er enkelt med Jesus i krybba. Krybba kan vi leggja vekk og ta fram att neste jul. Verre er det med den Jesus som er her heile tida, sa Godtfred Haugland i preika si i Kausland kyrkje 2. juledag.

- Jesus vedkjem oss alle, ikkje berre dei som trur, sa Haugland.

Han peika òg på at Gud kom til oss og tok bustad mellom oss. Gud kjem til oss i kvardagen, i dåpen og i nattverden. Etter Kristi himmelfart må vi nøya oss med å sjå etter spor etter han.

- Å ta imot fører til ei endring i oss viss

vi opnar opp. Det er Den Heilage Ande som gjer dette mogleg, sa Godtfred Haugland frå preiksestolen i Kausland kyrkje.

Til stades i denne gudstenesta var òg Sund Blandakor som song fleire singlar, t.d. «Stille natt» som preludium, og «Mitt hjerte alltid vanker» før preika. Dei hadde òg med singlar der både Hanne Boga og Nils Hummelsund bidrog som solistar.

I tillegg må vi òg nemna at Aslaug Ottestad var med på gudstenesta og spelte på sin kornett.

Olai Otterå



Godtfred Haugland på preikestolen i Kausland kyrkje.

– Behovet for biblar har aldri vore større

Dei kristne i Syria og Irak samlar seg på nytt til gudsteneste, men dei fleste biblane dei hadde, er brunne opp og øydelagde.

– Dei fleste biblane vi hadde, er brent og må erstattast, seier erkebiskop Yohana Petros Mouche, på Bibelselskapet sine nettsider.

Under heile krigen har Bibelselskapet halde sine bibelutsal opne i både Damaskus, Aleppo og Erbil. Dei tilsette der fortel til Det Norske Bibelselskap at dei aldri har



Nabil Omiesh, generalsekretær i Bibelselskapet i Irak, står i rommet der dei kristne pleide å oppbevare sine personlege biblar.

FOTO: WASSIM KELOONCHY/BIBELSELSKAPET

distribuert fleire biblar enn dei siste åra. Krigen har skapt ein lengsel hos mange etter å læra meir om bodskapen i Bibelen.

– Det har aldri vore større behov for Bibelselskapet enn no. Behovet for biblar har aldri vore større, seier Nabil Omiesh, leiar i Bibelselskapet i Irak.

Bibeldagen 2018 vart feira den 27. og 28. januar, og i år vart det samla inn pengar til nye biblar og bøker, til erstatning for dei som er brent.

– I tillegg til at behovet er stort er det òg ein situasjon i landa no som gjer det mogleg å gjera meir, seier generalsekretær i Bibelselskapet, Ingeborg Mongstad-Kvammen til KPK om kvifor valet fall på desse områda i årets prosjekt.

Lang kristen historie

Både i Syria og Irak finst ei lang kristen historie. Kyrkjene her reknar opphavet sitt heilt tilbake til det første hundreåret etter Kristus.

Men på grunn av borgarkrigen i Syria og IS si grusame krigføring er tusenviss

av kyrkjer og kristne heimar øydelagde. Kristne har ikkje berre mista hus og heim, men òg biblane sine og andre kristne bøker.

– Det er mange som spør etter materiell til borna, seier George Andrea, leiar i Bibelselskapet i Syria.

Han skulle eigenleg koma til Noreg i samband med Bibeldagen, men vart nekta visum av norske styresmakter.

– Vi er sjølvsagt skuffa, men har hatt god dialog med UD og ambassaden. George Andrea ynskte å koma til Noreg for å takka for alle bidrag i form av forbøn og pengar, seier Mongstad-Kvammen.

Det bur omlag 17 millionar menneske i Syria og 37 millionar i Irak, men mange er på flukt, anten internt eller i andre land. På få år er 2 millionar kristna i Syria og 1,2 millionar i Irak vorte redusert til ein tredjedel.

«Dei som er igjen, treng støtta vår for å overleva, slik at ein to tusen år lang kristen historie i Syria og Irak ikkje vert brote», skriv Bibelselskapet. (KPK)

Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

klokkaroppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
477 07 698 eller på e-post:
hildegunn.bornes@sund.kommune.no

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag - fredag kl. 08.00 - 17.00: **922 18 817**

Utanom desse tidene kan ein ved akutt behov for presteneste som ikkje kan vente, bruke beredskapsordninga i prostiet (sjå nedanfor).

BEREDSKAPSORDNINGA I PROSTIET

I tidsrommet 17.00 - 08.00 på kvardagar, og i helgane/høgtidene frå kl. 08.00, er det alltid ein prest i beredskap i prostiet. Ved behov for teneste frå prest, tenester som ikkje kan vente (dødsbod, soknebod om døyande, sjelesorgstøtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med vakthavande prest på: **954 83 655**

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR




KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE



**Sund
Bok**



Din lokale bokhandel

- Nær og nyttig -

Velkommen du òg!

SUND SENTER, 5382 SKOGSVÅG

TLF 56 31 77 34 - FAKS 56 33 95 87

Døypete**Sund kyrkje 3. desember**

Daniel Skjønhaug
Hailey Vilhelmsen Bork
Malene Espeseth Heimvik

Kausland kyrkje 7. januar

Ulrik Lerøy-Sæther

Sund kyrkje 14. januar

Oliver Matheo Benson

Kausland kyrkje 28. jan.

Sander Martin Øvretveit

Gravlagde**Kausland kyrkje 5. des.**

(seremoni i Fridalen kyrkje)
Elisabeth Spilde

Sund Sokneblad i 2018

Sund Sokneblad vil koma ut med 6 nummer også i 2018. Bladet vil ha fargar og vil til vanleg vera på 16 sider. Den friviljuge kontingenten er på 250 kr/året.

Bladet blir distribuert til alle postkassane i Sund omlag på desse datoane:

Nr. 1 - 14. februar	Nr. 4 - 12. september
Nr. 2 - 25. april	Nr. 5 - 31. oktober
Nr. 3 - 20. juni	Nr. 6 - 12. desember

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får melding om fødselen for alle nyfødde born i Sund, dersom foreldra er medlemmer i kyrkjelyden vår. Då vert det sendt ei helsing til heimen frå kyrkjekontoret med orientering om dåp. Så kan foreldra ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Øg unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjekontoret i Sund

Kontor og sentralbord ope:

Tysdag og fredag kl. 09.00 - 14.00

Onsdag kl. 11.00 - 14.00

Telefon sentralbord:

56 31 90 80

E-post: kyrkjekontoret@sund.kommune.no

Nettside: www.kyrkja.no/sund

Besøksadresse: Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje
Kyrkjevegen 30, 5378 Klokkarvik

Postadresse: Sund Sokneråd
Kyrkjevegen 30
5378 Klokkarvik

Administrasjon

Olav Martin Vik 93 26 44 00
kyrkjeveier

E-post: ov769@kyrkja.no

Tove Olene Foss Solvang 92 44 60 85
kontorleiar

E-post: tove.solvang@sund.kommune.no

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes 48 00 26 97
sokneprest

E-post: kjell.asle.bornes@sund.kommune.no

Stab

Irina Tarasova 47 45 06 06
kantor (permisjon ut juni)

E-post: irina_piano_84@mail.ru

Hildegunn Børnes Myklebust 47 70 76 98
diakonimedarbeidar

E-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Dag Reidmar Pettersen 47 70 79 52
trusopplærar

E-post: dag.pettersen@sund.kommune.no

Gunnar Langeland 47 71 66 93
kyrkjegardsarbeidar

Rolf Oksnes 90 36 75 47
kyrkjegardsarbeidar

E-post: rolfoksnes@hotmail.com

Sokneråd/fellesråd

Brynhild Enerhaug 90 08 00 96
soknerådsleiar

E-post: brynhild.enerhaug@bkkfiber.no

Sund
Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Kyrkjevegen 30,
5378 Klokkarvik

Konto: 3000.15.98194

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:

Bodoni AS, Straume

Opplag: 2.400



Vil kartleggja kallsmedvitet til kristne studentar

– Eg trur veldig mange kristne studentar har ei svak kopling mellom kva det tyder å vera kristen og det yrket dei skal inn i, seier lagsgeneral Karl-Johan Kjøde.

Nyleg arrangerte Noregs Kristelege Student- og Skuleungdomslag (Laget) den årlege studentsamlinga si StudentForum. Her starta ei kartlegging dei skal gjennomføra blant kristne studentar det kommande året.

– Vi ynskjer å kartleggja kva studentane tenkjer om at dei skal ut i eit vanleg yrkesliv og vera kristne der. Det handlar om kallsmedvit, seier generalsekretær i laget, Karl-Johan Kjøde.

Han trur ikkje at medvitet om at kristenkallet gjeld alle delar av livet er like høg blant alle dei kristne studentane.

– Vi har ein hypotese at veldig mange kyrkjeaktive kristne studentar har ei kallsforståing som er litt snever. Det har nok òg noko med korleis vi har omtalt det å kallast der vi har knytt det til spesifikke kristelege utøvande yrke, seier Kjøde.

No lanserer Laget ei stor nasjonal undersøking, i samarbeid med Nordic Navigation, der dei mellom anna ynskjer å finna ut om hypotesen stemmer.

Frå leir til konferanse

I år har StudentForum gått frå å vera eit meir leirbasert arrangement til å verta ein reindyrka konferanse der dei samarbeider med konferansen Hellig Hverdag.

– Dette gjer at fleire eldre studentar òg ynskjer å verta med. Leir er ein gjerne ferdig med når ein er 25, men dette femnar breiare, seier Silje Nordal Sylta, som er eventansvarleg i Laget.

Medrekna deltakarane på Hellig Hverdag samlast rundt 300 menneske i Storsalen og Filadelfia i Oslo ei helg nyleg. Rundt 100 av desse er studentar frå Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø.

Nordal Sylta trur undersøkinga kan vera nyttig for StudentForum framover.

– Vi har eigenleg veldig lite informasjon om kven dei kristne studentane i Noreg er og kva for ei forståing dei har av kallsopplevinga si, seier ho.

Som ansvarleg for Studentforum



Silje Nordal Sylta og generalsekretær Karl-Johan Kjøde i Laget håpar deira nasjonale undersøking blant kristne studentar kan hjelpe dei til å sjå kva studentane treng og hjelpe dei å utvide perspektivet sitt.

FOTO: INGUNN MARIE RUUD, KPK

trur ho det kan vera viktig å få eit større overblikk over Noreg.

– Det gjer at vi kan møta dei utfordringane studentane sit med i dag og svara på eit faktisk behov framfor noko vi berre trur er eit behov, seier Nordal Sylta.

– Enorme ringverknader

Kjøde fortel at undersøkinga vil venda seg til eit breitt publikum innanfor dei store studentmiljøa.

– Her vil vi kartleggja både tilhøvet deira til tru, til tru og studielivet og dessutan til tru og yrkesval. For oss som studentrørslar er dette kjempeviktig å vita slik at vi kan tiltala det som er livet til folk, seier generalsekretæren.

Organisasjonen håpar å opplysast og få vita meir om tilhøva til dei kristne studentane dei arbeider med, slik at dei så kan tiltala det dei finn.

– Det har enorme ringverknader når folk går inn med ein tanke om at trua òg gjeld i yrkeslivet deira til dømes, seier Kjøde.

Ifølgje han handlar ikkje dette berre om å dela evangeliet med dei ein møter på jobb.

– Det kan vera ein del av det, men òg korleis du opptrer og kva for verdiar du speglar. Det kan til dømes vera ein verdi å jobba hardt og gjera ein framifrå innsats, seier han.

Ingunn Marie Ruud, KPK



Besøk av Jarle Waldemar på Lovsongskvelden

På Lovsongskvelden 29. april i Sund kyrkje klokka 18.00 får vi besøk av Jarle Waldemar som har andakt for oss og leiar oss i allsong. Det vert også song av Stjerne- og Betweenskoret.

Jarle Waldemar er kjend over heile kristen-Norge. Han har laga mykje song og musikk for barn, og han har eit hjarta for å formidla Jesus til dei. Han har gitt ut bøker, DVDar og har mykje god musikk på YouTube og Spotify.

Håpar mange vil koma og bli med på ein glad-kveld!

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i veke 17

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 11. april